

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Som ein viktig del av plaststrategien, vil Vestland fylkeskommune ta initiativ til å utarbeidd ein samla plan for innsamling og gjenvinning av avfallsplast i heile Vestland. Målet skal vere at all plast som blir samla inn i Vestland fylke, skal bli resirkulert og gje grunnlag for ny produksjon og nye arbeidsplassar i Vestland fylke i staden for å bli brent og eksportert.»

Jana Midelfart Hoff (H) sette fram slikt forslag:

«Endring/tillegg:

Kapittel 5.1 «Tiltak og handlingsplan»:

I underpunktet «Opplæring» føreslår me følgjande tillegg:

1. Skular vert oppmoda om å bidra til å auka kunnskapen om plast på avvege gjennom å kartleggaplasten dei ryddar, ved hjelp av kartleggingsverktøy som plastjakten.no, miljolare.no og ryddenorge.no.

I underpunktet «Nasjonalt» føreslår me følgjande tillegg:

2. Vera ein pådrivar for at Noreg vert ein føregangsnasjon i arbeidet for plastreduksjon og motplastforsøpling.
3. Arbeida for minst mulig bruk av isopor i flyteelement og i anna utandørs verksemd.
4. Arbeida for at avfallshierarkiet vert førande for den nasjonale avfallspolitikken.
5. Vera ein pådrivar for at Noreg innfører forbod mot eingongsplast og arbeida for ei offensiv implementering av EU sitt eingongsplastdirektiv kor Noreg går lenger ennminimumskrava i direktivet.
6. Arbeida for at Noreg fylgjer opp EU sitt mål om å fasa ut bereposar i plast.
7. Arbeida for at det i større grad brukes resirkulert plast i nye plastprodukt, og at produkta må utformast med mål om lenger levetid, at dei kan reparerast og gjenvinnast til nye produkt.
8. Arbeida for innføring av krav om oppsamling av mikroplast for å stoppa utslepp til miljøet
9. Arbeida for auka forsking på miljøvenlege materiale som kan erstatta plast og farlege stoff i plast.»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av Sv, A, V, MDG fram slikt forslag:

«Tillegg/endring:

Forslag 1:

3.1. Hovudmål for Vestland Fylkeskommune

- Punkt 5 - Redusere plastbruken i eigen verksemd med minst 40% og mobilisere til redusert plastforbruk i samfunnet innan 2023.

Forslag 2:

I kapittel 4.1 «Delmål for Vestland fylkeskommune»:

Under punkt 5 tillegg:

«(...) gjennom innretting av eigen innkjøpsstrategi i samsvar med avfallshierarkiet.»

Forslag 3:

I kapittel 4.1 «Delmål for Vestland fylkeskommune»:

I underpunktet «Forslag 8» føreslår me følgjande tillegg:

«(...) og for å få på plass godkjende avfallsplanar for alle hamner i tråd med EU sitt skipsavfallsdirektiv.»

Forslag 4

I kapittel 5.1 «Tiltak og handlingsplan»:

I underpunktet “Tiltak for heile organisasjonen”

- Endre fra “Legge inn forbod mot unødvendig eingongsplast.” til “Forby eingongsplast der det finnst andre alternativ”

Forslag 5 - SLETTES

I underpunktet «Forslag 5» føreslår me følgjande tillegg:

“Oppmodne om 100% gjenvinning av massar, framfor nye uttak for å unngå plastforureining ved spreiling av elektrisk sprengingsladning dekkja av plast.” til “Stille krav om 100% gjenvinning av massar, framfor nye uttak for å unngå plastforureining ved spreiling av elektrisk sprengingsladning dekkja av plast.”“

Forslag 6 - NY OPPDATERING!

I underpunktet «Forslag 6» føreslår me følgjande tillegg:

- stilla krav til leverandørar om å avgrensa bruk av plast i fylkeskommunale oppdrag

Forslag 7

I underpunktet «Opplæring» føreslår me følgjande tillegg:

- Skular vert oppmoda om å bidra til å auka kunnskapen om plast på avvege gjennom å kartlegga plasten dei ryddar, ved hjelp av kartleggingsverktøy som plastjakten.no, miljolare.no og ryddenorge.no.

Forslag 8:

I underpunktet «Nasjonalt» føreslår me følgjande tillegg:

1. Arbeida for at plast som er vanskeleg å resirkulera, til dømes svart plast, ikkje lenger kan nyttast som emballasje.

Forslag 9

I underpunktet «Nasjonalt» føreslår me følgjande tillegg:

2. Arbeida for innføring av krav om gjenvinning av plastmateriale frå bygg- og anleggsavfall

Forslag 10

I underpunktet «Nasjonalt» føreslår me følgjande tillegg:

3. Arbeide for forbod mot bruk av isopor i flyteelement og i anna utandørs verksemd»

Hammer trakk punkt 5 i forslaget sitt.

Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Hoff sitt forslag punkt 1 vart samråystes vedteke.

Hoff sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 11 røyster (Frp, FNB).

Hoff sitt forslag punkt 3 fekk 19 røyster (H, 1FNB, KrF, R, Pp) og fall.

Hoff sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 11 røyster (Frp, 5FNB).

Hoff sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 22 røyster (Sp, Frp, 5FNB, Pp).

Hoff sitt forslag punkt 6 vart vedteke mot 22 røyster (Sp, Frp, 5FNB, 1SV).

Hoff sitt forslag punkt 7 vart vedteke mot 11 røyster (Frp, 5FNB).

Hoff sitt forslag punkt 8 vart vedteke mot 10 røyster (Frp, 4FNB).

Hoff sitt forslag punkt 9 vart vedteke mot 10 røyster (Frp, 4FNB).

Hammer sitt forslag 1 vart vedteke mot 4 røyster (4FNB).

Hammer sitt forslag 2 vart vedteke mot 2 røyster (2FNB).

Hammer sitt forslag 3 vart vedteke mot 3 røyster (3FNB).

Hammer sitt forslag 4 vart vedteke mot 13 røyster (Sp, 3FNB).

Hammer sitt forslag 6 vart vedteke mot 32 røyster (H, 9Sp, 3FNB, Frp, 1KrF, Pp).

Hammer sitt forslag 7 vart vedteke mot 6 røyster (3FNB, KrF).

Hammer sitt forslag 8 vart vedteke mot 23 røyster (9Sp, 5FNB, Frp, 2KrF, Pp).

Hammer sitt forslag 9 vart vedteke mot 3 røyster (3FNB).

Hammer sitt forslag 10 vart vedteke mot 23 røyster (Sp, 5FNB, Frp, KrF, Pp).

Kollbotn sitt forslag fekk 10 røyster (4FNB, SV, R) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek plaststrategien, ein plastfri natur og eit plastfritt hav for Vestland fylkeskommune med slike merknadar:
 - a) Det skal gjerast redaksjonelle endringar i t.d. samandraget og innleiinga, slik at det går tydeleg fram at strategien gjeld konsekvent Vestland fylkeskommune og ikkje berre Hordaland fylkeskommune.
 - b) Strategien skal ha mål om eit sterkare samarbeid med næringslivet og styrking av våre viktigaste verktøy her.
 - c) Vestland fylkeskommune skal samarbeide med EU om å innsnevre plastproduksjon til berre plasttypar som kan resirkulerast.
 - d) Strategien skal innehalde mål om utvikling av ny teknologi og fleire arbeidsplassar knytt til rydding av plast
 - e) Granulat fra kunstgressbaner er en stor kilde til mikroplast i omliggende natur og i vassdrag. Vestland fylke må i samarbeid med idretten finne alternativer til kunstgress med gummigranulat på nåværende kunstgressbaner og være pådriver for innovasjon og utvikling på dette feltet
Det må også vere ein klar målsetnad at alle kunstgrasbanene i Vestland som bruker gummigranulat får installert filter eller andre tiltak som hindrar at mikroplast hamnar i avløpssystemet.
 - f) Arbeide for eit normkritisk syn på utbreidt bruk av plast i den aktuelle bransja til yrkesrelatert opplæring
 - g) At alle skular lagar ein eigen strategi for reduksjon av eingongsplast, kor dei legg til rette for elevmedverknad i utarbeiding- og evaluering av strategien.
 - h) Endre frå

"Arbeide for at samleie opplæringsinstitusjonar har kjeldesortering, plasthandtering, redusert plastforbruk, er ein bevisst innkjøper og forbrukar."

til

"Arbeide for at alle opplæringsinstitusjonar har kjeldesortering, plasthandtering, redusert plastforbruk, oppsamling av pantefasker og er ein bevisst innkjøper og forbrukar.".»

- i) Kapittel 5.1 «Tiltak og handlingsplan»:

I underpunktet «Opplæring» følgjande tillegg:

Skular vert oppmoda om å bidra til å auka kunnskapen om plast på avvege gjennom å kartleggaplasten dei ryddar, ved hjelp av kartleggingsverktøy som plastjakten.no, miljolare.no ogryddenorge.no.

- j) I underpunktet «Nasjonalt» følgjande tillegg:

Vera ein pådrivar for at Noreg vert ein føregangsnasjon i arbeidet for plastreduksjon og motplastforsøpling.

Arbeida for at avfallshierarkiet vert førande for den nasjonale avfallspolitikken.

Vera ein pådrivar for at Noreg innfører forbod mot eingongsplast og arbeida for ei offensiv implementering av EU sitt eingongsplastdirektiv kor Noreg går lenger ennminimumskrava i

direktivet.

Arbeida for at Noreg fylgjer opp EU sitt mål om å fasa ut bereposar i plast.

Arbeida for at det i større grad brukes resirkulert plast i nye plastprodukt, og at produkta må utformast med mål om lengre levetid, at dei kan reparerastog gjenvinnast til nye produkt.

Arbeida for innføring av krav om oppsamling av mikroplast for å stoppa utslepp til miljøet

Arbeida for auka forsking på miljøvenlege materiale som kan erstatta plast og farlege stoff i plast.

k) I punkta under, slike tillegg og endringar:

3.1. Hovudmål for Vestland Fylkeskommune

- Punkt 5 - Redusere plastbruken i eigen verksemd med minst 40% og mobilisere til redusert plastforbruk i samfunnet innan 2023.

I kapittel 4.1 «Delmål for Vestland fylkeskommune»:

Under punkt 5 tillegg:

«(...) gjennom innretting av eigen innkjøpsstrategi i samsvar med avfallshierarkiet.»

I kapittel 4.1 «Delmål for Vestland fylkeskommune»:

Under punkt 8 føreslår me følgjande tillegg:

«(...) og for å få på plass godkjende avfallsplanar for alle hamner i tråd med EU sitt skipsavfallsdirektiv.»

I kapittel 5.1 «Tiltak og handlingsplan»:

I underpunktet "Tiltak for heile organisasjonen"

- Endre frå "Leggje inn forbod mot unødvendig eingongsplast." til "Forby eingongsplast der det finnst andre alternativ"

I underpunkta regionalplan, nytt punkt:

- stilla krav til leverandørar om å avgrensa bruk av plast i fylkeskommunale oppdrag

I underpunktet «Opplæring» tillegg:

- Skular vert oppmoda om å bidra til å auka kunnskapen om plast på avvege gjennom å kartlegga plasten dei ryddar, ved hjelp av kartleggingsverktøy som plastjakten.no, miljolare.no og ryddenorge.no.

I underpunktet «Nasjonalt» følgjande tillegg:

1. Arbeida for at plast som er vanskeleg å resirkulera, til dømes svart plast, ikkje lenger kan nyttast som emballasje.

2. Arbeida for innføring av krav om gjenvinning av plastmateriale frå bygg- og anleggsavfall

3. Arbeide for forbod mot bruk av isopor i flyteelement og i anna utandørs verksemd

2. Plaststrategien blir implementert som eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlede avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. Dette vil blant annet bli gjort i det årlege interne miljøhandlingsprogrammet for fylkeskommunen.